

Tolldirektoratet  
post@toll.no

Oslo, 15. august 2018

Deres ref.:  
18/19945-1

Vår ref.:

### **Tolltariffen 2019 – forslag til nye oppdelinger - høring**

Sjømat Norge har følgende merknader til dei innkomne forslaga til nye oppdelingar i tolltariffen.

#### **Nye varenummer innanfor kapittel 3 – frå Fiskeridirektoratet**

Fiskeridirektoratet (FDIR) viser til at det i kapittel 3 er 29 varenummer som ikkje er artsspesifikke. Vidare at FDIR har behov for betre spesifisering på art og produkt for å kunne avsløre uregistrert omsetjing. Direktoratet meiner at spesifisering på varenummernivå avgjer om det vil vere mogeleg å vurdere "produkters bearbeidingsgrad innanfor enkeltarter og dertil avgjøre hvilken omregningsfaktor en kan bruke for å regne seg tilbake til innsatsfaktor, dvs. fisk tatt ut av havet".

Sjømat Norge er opne for at det kan vere føremålstenleg med fleire artsspesifikke varenummer i kapittel 3, men meiner dei argumenta som FDIR brukar ikkje er relevante. FDIR har ansvar for å kontrollere at uttaket av fisk er i tråd med det som er fastsett i regelverket. Dette vert i all hovudsak kontrollert ved landing, men direktoratet har også etablert fleire kontrollpunkt utover i verdikjeda. Dette er særleg knytt til industrien sine krav om føring av journal, der bedriftene må føre journal over råstoff inn i bedrifta, produsert mengde og det som går ut av bedrifta.

FDIR har eit ønskje om å føre kontrollen vidare og bruke tolltariffen som verktøy for ressurskontroll. Sjømat Norge stiller seg tvilande til kor vidt dette vil vere informasjon som det vil vere mogeleg å setje saman på ein slik måte at ein kan avdekke ulovleg uttak. Det vert vist til eit døme der det vart avdekket at torskehovud var feildeklart ved eksport til Nigeria. Etter at torskehovud no er gått inn i ei samlegruppe saman med fiskehalar og svømmeblærer meiner FDIR at "dette bidratt til å skape usikkerhet som vanskeliggjør deres risikovurdering og kontrollmulighet. Dette forsterkes når det oppstår usikkerhet om hvilket produkt som er blitt eksportert." Sjømat Norge stiller seg tvilande til at feildeklaring av torskehovud hadde bakgrunn i eit ulovleg ressursuttak, men heller var ein måte å omgå importrestriksjonar i mottakarlandet.

Som FDIR sjølve er inne på vil kvantum fiska/ fanga råstoff samanlikna med kvantum eksportert vere ei likning med mange ukjende. Ulik grad av tilverking gir ulik grad av utbytte og dermed ferdigvare. Dette varierer med sesong, produsent og marknad. Noreg er den femte største marknaden for norske sjømatprodukt, og her har vi ikkje tilsvarande gode tal som for eksporten. Det vil vere lagerføring i alle bedrifter frå eit år til eit anna. Alt dette gjer at verdien av eksportstatistikken som eit element i ressurskontrollen er svakt.

Sjømat Norge har følgende merknader til dei konkrete forslag frå direktoratet:

### Taggmakrell / hestmakrell

Fiskeridirektoratet tilrår at hestmakrell (tidlegare kalt taggmakrell) får eit eige varenummer i tolltariffen. Taggmakrell (*Trachurus trachurus*) i flg FDIR endra namn til hestmakrell. FDIR tilrår ikkje at "en benytter norsk benevnelse "alminnelig hestmakrell" (*Decapterus* spp.) da dette kan misforstås i norsk sammenheng, hvor hestmakrell (*Trachurus trachurus*) er den arten som befinner seg i våre farvann".

#### *Dagens tolltariff:*

03.02.4500 - - taggmakrell (hestemakrell) (*Trachurus* spp).

#### *Forslag til ny inndeling:*

0302.4500 – taggmakreller (*Trachurus* spp.)

0302.4501--- hestmakrell (*Trachurus trachurus*)

0302.4509--- elles

Tolldirektoratet (TOLL) påpeiker at dette korkje er underbygd med statistikk eller behov for overvaking, og vil ikkje støtte forslaget. Sjømat Norge støttar TOLL si vurdering. Det har dei siste tiåra vore tilnærma fritt fiske etter hestmakrell i Norge. Kvotene har ikkje vorte fiske opp og arten utgjer neppe noko stort problem med tanke på ressursuttak.

### Marine artar på Artsbanken si norske raudliste

Det er i fylgje FDIR 17 marine artar som er lista som sårbare. Av artar som det vert fiske på er; polartorsk, vanleg uer, blåsteinbit, ål og brugde.

#### *Polartorsk*

I dag inngår polartorsk (*Boreogadus saida*) i dette varenummeret:

0302.5909 - fisk av familiene *Bregmacerotidae*, *Euclichthyidae*, *Gadidae*, *Macrouridae*, *Melanonidae*, *Merlucciidae*, *Moridae* og *Muraenolepididae*,

FDIR ønskjer ei eiga varelinje for polartorsk. TOLL uttalar at sidan polartorsk er raudlista skal det vere minimal eller ingen handel og at det ikkje er grunnlag for å bruke opp ei tollinje på polartorsk. Sjømat Norge ser heller ikkje behov for ei eiga vareline for polartorsk.

#### *Uer, breiflabb og steinbit*

Dagens tolltariff:

0302.8902 - - - uer (*Sebastes* spp.)

0302.8903 - - - breiflabb (*Lophius* spp.)

0302.8904 - - - steinbit (*Anarhichas* spp.)

0302.8909 - - - annen fisk

FDIR meiner at

- uer (*Sebastes* spp) kan kamuflere moglegheita til å handel med vanleg uer (*Sebastes norwegicus*) og tilrår eiga varelinje.
- steinbit (*Anarhichas* spp.) dekker all steinbit, og fangar ikkje opp blåsteinbit som er ein nær trua art og tilrår eiga varelinje.
- breiflabb (*Lophius piscatorius*) får ei eiga varelinje.

TOLL kommenterer at det ikkje er mange nok varenummer igjen i serien (8900, 8901, 8902....8909) til at familiene *Sebastes* og *Anarhichas* kan splittast opp i to nye oppdelingar. Forslaget frå FDIR må difor føre til at resten av artene i desse familiene vert ført i sekkeposten 0302.8089.

#### *Forslag til ny inndeling*

0302.8905 – uer (*Sebastes norvegicus*)

0302.8906 – blåsteinbit (*Anarhichas denticulatus*)

0302.8907 – breiflabb (*Lophius piscatorius*)

0302.8908 – annen fisk

Sjømat Norge støttar ikkje forslaget frå FDIR, gitt at det då ikkje er tilstrekkeleg med varenummer i serien. Fangst og eksport av uer frå Noreg er i all hovudsak snabeluer (*Sebastes mentella*) og det vil vere uheldig om den arten vi har størst handel med kjem i ein sekkepost, medan vanleg uer (*Sebastes norvegicus*) der det er ein meir marginal eksport får ei eiga vareline. Det same gjeld for steinbit, der det vert eksport langt meir gråsteinbit og flekksteinbit enn tilfellet er for blåsteinbit, og det difor uheldig at desse to kjem i ein sekkepost.

#### *Ål*

FDIR tilrår ei eiga vareline for ål, sjølv om det etter norsk regelverk er forbod mot å fange ål, men ut frå eit føre var behov. Sjømat Norge støttar TOLL si vurdering av at det ikkje er behov for å etablere ei vareline vi ikkje har eksport på.

#### *Brugde*

FDIR tilrår ei eiga vareline for brugde, for å hindre at den vert kamouflert i eit meir generelt varenummer. Sjømat Norge støttar TOLL si vurdering om at det ikkje er behov for ei eiga varelina for eit produkt vi ikkje har eksport av.

#### **Nye varenummer for levandefanga og levandelagra torsk – frå Capia**

Sjømat Norge viser til tidlegare kommentarar frå oss (brev frå Sjømat Norge til TOLL, 16.4.2018) der vi er positive til at det vert oppretta eit eige varenummer for levandefanga torsk.

TOLL har uttrykt støtte til forslaget om å opprette eit eige varenummer for levandefanga og levandelagra torsk, men tilrår at ordlyden vert "levandelagra". Sjømat Norge støttar dette.

#### **Nye varenummer for laks – frå Capia**

Sjømat Norge viser her til tidlegare kommentarar frå oss (brev frå Sjømat Norge til TOLL, 16.4.2018). Sjømat Norge støttar ei oppdeling av varenummeret for fersk laks, men vi ser ikkje verdien av ei inndeling i så mange kategoriar (9 grupper etter storleik) som det er foreslått frå Capia.

Sjømat Norge meiner at det både er tilstrekkeleg og føremålstenleg med ei inndeling i tre kategorier; 1-3 kg, 3-6 kg og 6 kg+.

#### **Nye varenummer for sild – Norges Sjømatråd**

Norges Sildesalgslag og Norges Sjømatråd ønskjer fleire varenummer for sild. Det er foreslått ei inndeling for NVG-sild og nordsjø-sild både for fryste sildelappar og fryst sildefileter utan skinn. Dette er grunngeve med at andelen sild som vert tilverka har auka og det er ønskjeleg å synleggjere denne eksporten.

#### Dagens tolltariff

-- sild (*Clupea harengus*, *Clupea pallasii*):

03.04..8601 - - - fileter med skinn

**03.04..8602 - - - fileter uten skinn**

Forslag

-- sild (*Clupea harengus*, *Clupea pallasii*):

03.04..8601 - - - fileter med skinn

--- fileter uten skinn

03.04.8606 - - - av nordsjøsil

03.04.8607 - - - av NVG-sild

03.04.8608 - - - av anna sild

Sjømat Norge støttar ikkje ei inndeling med egne varenummer for filet av sild etter art (nordsjøsil og NVG-sild). Dette vil avvike frå internasjonal inndeling, og ingen andre land splittar statistikken på desse to artane på filet. Sjømat Norge meiner at egne varenummer for nordsjøsil og nvg-sild i tolltariffen vil, saman med informasjonen frå førstehåndsomsetninga, gi eit for oversikteleg statistikkbilete, som vil vere skadeleg for konkurransesituasjonen for norsk sild.

Når det gjeld Sildelaget sitt forslag om same prinsipp for inndeling for fryste sildelappar uttalar TOLL at lappar høyrer inn under ein HS underposisjon der det er svært få varenummer tilgjengeleg, og at TOLL primært ønskjer å behalde desse til eventuelt framtidig bruk for andre fiskeslag. Sjømat Norge støttar denne vurderinga frå TOLL. Vi vil også påpeike at fryste lappar er eit langt større produkt enn fryste fileter utan skinn, og at det difor også kan vere unaturleg at det er den minste varegruppa som vert artsspesifisert.

#### **Reversere inndeling for fryst makrell – frå Sjømat Norge og Norges Sjømatråd**

Både Sjømat Norge ønskjer ei reversering tilbake til tidlegare inndeling, dvs eit skilje på 600 gram for makrell.

Med venleg helsing

Sjømat Norge



Kristin Alnes